

# Kulturmiljø av regional interesse i Bokn kommune

Dette dokumentet er eit uttrekk frå temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Sjå oversikten over heile Rogaland i ei interaktiv kartløyning i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunane, og skal bidra til føreseielege prosessar gjennom at informasjon om kva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengeleg. [Du finn meir informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren og ein del av regionalplanen. Desse er i frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap( NBI-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les meir om Utvalde kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

## Innhald

Kulturmiljø av regional interesse i Bokn kommune .....	1
Nordre Vågaholmen.....	2
Klepp kystfort .....	4
Kro .....	8
Ognøy .....	10
Boknasundet.....	14
Alvestadkroken .....	17
Sunnalandsstraumen.....	20

**Nordre Vågaholmen**

id	76
Namn	Nordre Vågaholmen
Kommune	1145 - Bokn
Tema	Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Industri og næring
Periode	1800-1899
Kjelde	Kulturminneplan Bokn(2020), nettsidene til Bokn kommune.
Vernestatus	Kulturminneplan

**Skildring**

Vågaholmen ved Bokn var blant dei fem viktigaste norske eksporthamnene for hummar allereie frå 1660. Det er funne automatisk freda skipsrester frå 1700-tallet i Nordre Vågholmsundet.

I 1839 vart det etablert hummarpark, ein av dei eldste i Noreg. Normalt leverte opptil 130 hummarfiskarar frå Karmøy, Tysvær og Nedstrand, hummar til Vågaholmen. Eksporten gjekk først til Nederland, seinare til England. Sju kuttarar gjekk i fast trafikk med hummar til England.

Bygningsmassen på holmen bestod opphavelig av våningshus, forpaktarhus, løe og sju sjøhus. I dag står berre grunnmurane igjen.

**Omfang**

Miljøet dekker heile Nordre Vågaholmen.

**Regional interesse**

Nordre Vågaholmen har høg verdi som representant for eldre handel og fiske etter hummer. Anlegget har høg kunnskaps- og opplevingsverdi.


**Sårbarheit og forvaltning**

Området har grodd betydeleg igjen dei siste ti-åra. Ei opprydding vil gjere kulturminna meir tilgjengelege. Området er prioritert i kulturminneplan for Bokn.



Nordre Vågaholmen

### Kartutsnitt



## Bildevedlegg 1



Frå Nordre Vågaholmen

## Klepp kystfort

Id	78
Namn	Klepp kystfort
Kommune	1145 - Bokn
Tema	Krig og konflikt, kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart
Periode	1940-1945
Kjelde	Bokn kulturminneplan (2020), Askeladden
Vernestatus	Kulturminneplan

### Skildring

På den sørvestre spissen av Vestre Bokn ligg Klepp kystfort, som vart bygd under leiging av Wehrmacht under den andre verdskrigen. Anlegget ligg strategisk plassert i Boknafjorden, ved inngangen til Karmsundet. Klepp festningsanlegg er ein del av

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 23.05.2023

Atlanterhavsvollen, ei festningslinje som tyskarane bygde under andre verdskrig, og som strekte seg langs kysten frå Nordishavet i nord, til Pyreneane i sør. Saman med befestingar på Fjøløy, Kvitsøy og Skudenes kunne innseglinga til Karmsundet og Boknafjorden bli sperra.

Anlegget består av bunkersar, ammunisjonslager, løpegraver, restar etter kanonstillingar, sjukestove, offisersbrakker, mannskapsbrakker, grisehus, kontrollpost ved vegen, med meir.

I Røydehamn, ligg det eit større automatisk freda busetjingsområde med ei båtstø og minst 10 fjæremannstuffer. Nordaust for Drevsundholmen, ligg skonnertbriggen "Hans Olsen" frå 1874. Båten sokk under ein storm i 1905 og blei funnen av sportsdykkarar i 1986.

### **Omfang**


Miljøet omfattar Klepp festningsanlegg og eit område rundt, på den sørvestre spissen av Vestre Bokn.

### **Regional interesse**

Klepp festningsanlegg har stor kulturhistorisk verdi som eit nokså intakt kulturmiljø frå andre verdskrig. Anlegget har stor opplevings- og formidlingsverdi. Eit større busetjingsområde som er automatisk freda syner at område har stor tidsdjupne.


### **Sårbarheit og forvaltning**

Området inngår i KULA-området "Hognalandsbassenget".



Klepp kystfort

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 23.05.2023  
**Kartutsnitt**



Kartutsnitt per 11.22

**Bildevedlegg 1**



Klepp kystfort.

**Kro**

id	79
Namn	Kro
Kommune	1145 - Bokn
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart
Periode	1800-1899
Kjelde	Kulturminneplan for Bokn (2020)
Vernestatus	Kulturminneplan

**Skildring**

Kulturmiljøet på Kro består av eit svært godt bevart herskapshus frå midten av 1800-talet - i empirestil. med sjøhus, bodar og ein del av det opphavelige miljøet rundt huset i behold. Den nordlege delen av bustadhuset har blitt brukt som tingstove.

Bøndene i Kro slo seg stort opp under sildafiskeriene på 1800-talet. I 1911 hadde bøndene her halvparten av inntektene frå reiarverksemd og berre 30% frå jordbruket på garden.

**Omfang**

Miljøet omfattar den indre delen av vågen med sjøhus og strekkjer seg eit stykke opp langs Krovågen, til og med gardstunet.


**Regional interesse**

Miljøet, herskapshus, sjøhus og bodar, har regional kulturhistorisk verdi som representant for kystkultur, fiske og handel på kysten.

**Sårbarheit og forvaltning**

Bygningane er prioritert i kulturminneplan 2020-23 for Bokn kommune.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 23.05.2023  
**Kartutsnitt**



Kartutsnitt per 11.22

## Ognøy

id	247
Namn	Ognøy
Kommune	1145 - Bokn
Tema	Landbruk og kulturlandskap
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Bokn kulturminneplan(2020), nasjonal registrering av kulturlandskap
Vernestatus	Kulturminneplan

### Skildring

På Ognøy ligg Norges nest eldste kjente buplass, og der er funne ytterlegare 11 buplasser frå steinalderen. Buplassene ligg primært langs den søre og nore sida av øya. Aldersmessig strekkjer buplassene seg over ein periode på 6000 år.

Frå 1800-talet er det bevart tre mindre bruk i tradisjonell byggeskikk i følge kulturminneplan for Bokn.

Landskapet er ope med store utmarksareal, mindre enger rundt tuna og beite ned mot sjøen. Det er ein homogen flora med lynghei i aust og hasselskog og meir artsrikt beite på vestsida. Godt bevart og viktig kulturlandskap. Kystlyngheia på Ognøy er registrert i "verdifulle kulturlandskap" med høg verdi.

På Ognøy finst den einaste kjente vannmølla med overfallshjul i Bokn. Denne var i bruk fram til 1955.

Ognahabn er ei lita naturhamn, her låg det ein husmannsplass i perioden 1800-1860. Ognahabn og området rundt er i dag friluftsområde.

### Omfang

Området omfattar så godt som heile Ognøy, unnateke den nord-vestlege delen frå og med ytre delen av Kjøyvågen og langs veien, samt eit område sør for Liafjellet. Avgrensinga følger i store trekk grensene satt i "verdifulle kulturlandskap"

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 23.05.2023

### **Regional interesse**

Buplassfunna er blant dei eldste i Norge. Bygningane med det omkringliggende kulturlandskapet med bevart kystlynghei er typisk for kystregionen. Samla har området høg historisk verdi og viser eldre busetting og tradisjonell jordbruksdrift.

### **Sårbarheit og forvaltning**

Kystlyngheia er særleg sårbar for attgroing og er avhengig av kontinuerleg skjøtting og brenning.

### **Hovudbilde**



Ognøy





Ognøy

## Boknasundet

id	256
Namn	Boknasundet
Kommune	1145 - Bokn
Tema	Tradisjon og religion, Samferdsel og kommunikasjon
Periode	Bronsealder-jernalder
Kjelde	Askeladden, kulturminneplan for Bokn(2020)
Vernestatus	Kulturminneloven

### Skildring

På kvar side av Boknasundet der det er på det smalaste, ligg to monumentale gravrøyser frå bronsealderen. Den best bevarte røysa er 21 meter i diameter og heile 4 meter høg. Røysa er ikkje fagleg undersøkt, men er tidfesta til eldre bronsealder av arkeologar, dvs 1750 - 1100 f.Kr. Kuhaugen ligg på Austre Bokn. På andre sida av sundet, på Vestre Bokn, ligg ei liknande røys som opphavelig hadde den same storleiken som den på Austre Bokn. Denne røysa er vanskelegare å sjå, sidan ho ligg under eit bustadhus. Huset er det gamle fyrhuset på Bokn, som vart bygd oppå røysa for ca. 150 år sidan.

Røysene ligg tett ved sida av dagens E39 og brua som bind Vestre og Austre Bokn saman. Det er ikkje tilfeldig at desse røysene er bygde slik at dei har vore godt synlege for alle båtar og skip som passerer gjennom sundet på veg opp til den viktige og lune skipsleia gjennom Karmsundet.

Opphavelig har det vore langt fleire røyser langs med Boknasundet, særleg på Vestre Bokn. Skildringar frå 100 år sidan nemner over 40 røyser og fleire bautasteinar langs denne delen av leia. I dag er berre ein bautastein og eit fåtal mindre røyser att, saman med dei store.

På den vestre sida av sundet, ligg også eit kulturminne av vesentleg verdi som ikkje er synleg i dag. Innanfor ei flate på omlag 5400 kvadratmeter er det gjort funn frå midtre del av eldre steinalder. Funna er ikkje grundig nok undersøkte til at ein kan slå fast om dette gjeld ein eller fleire busetnader, men ut frå høgde over havet og dei ulike gjenstandane som er funne, kan ein slå fast at her har det vore busetnad i perioden 7500-4000 år f.Kr. Plasseringa langs ein smal passasje av sundet er ikkje tilfeldig, slike stader er ofte rike på marine ressursar. Steinalderbusetnaden på Vestre Bokn er slik ein klassisk representant for strandbundne bustader der tilgangen til ressursar frå havet har vore ein vesentleg faktor.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 23.05.2023

### **Omfang**

Området omfattar dei to store gravrøysene frå bronsealder og dei næraste kulturminna som ligg attmed. Dette kulturmiljøet er det som er attende av langt fleire gravminne langs denne delen av skipsleia.

### **Regional interesse**

Kulturmiljøet ved Boknasundet har særleg historisk verdi som representant for gravskikk frå bronsealder, der plassering av monumentale gravminne på strategiske stader var uttrykk for makt og kommunikasjon. Sidan røysene ble bygd ved ei av dei viktigaste ferdselsvegane langs kysten, har dei også fungert som seglingsmerke og markørar for eigedom og nærvær. Den store

steinalderbuplassen gjev kulturmiljøet ei særleg stor tidsdjupne, knytt til sundet som ein ressursrik stad langs ferdselsåra.

Røysa på Austre Bokn er godt ivaretatt og har ein høg opplevings- og kunnskapsverdi knytt til betydninga som leia langs med kysten har hatt for utviklinga av samfunna i Rogaland. Det er mykje potensial for formidling av både kulturmiljøet og den delen av den regionale historia som dei representerer.

### **Sårbarheit og forvaltning**

Særleg på Vestre Bokn har utbygging i nyare tid ført til auka press på dei bevarte kulturminna der. Også verksemd som er knytta til veg og samferdsle, samt jordbruksdrift kan utgjere potensielle skadekjelder, men i hovudsak er røysene godt ivaretekne og synleggjort i kommuneplan og arealplan.


Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 23.05.2023

## Hovudbilede



Gravhaug ved Boknasundet

## Kartutsnitt



Avgrensing pr. 31.08.22

## Bildevedlegg 1



Oversikt Boknasundet

### Alvestadkroken

id	290
Namn	Alvestadkroken
Kommune	1145 - Bokn
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, busetting by- og tettstadutvikling
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan
Vernestatus	Hensynssone (pbl), Kulturminneplan

### **Skildring**

Alvestadkroken er ein liten tettstad på austsida av Vestre Bokn. Staden ligg strategisk plassert i Boknasundet, den indre farleia i Boknafjorden.

Alvestadkroken blei fyrst busett på 1600-talet, men voks fram som tettstad på 1800-talet, med heile 55 innbyggjarar i 1891. Befolkningsveksten var særleg knytta til tenestenæringane - med både dampskipekspedisjon, bakeri og to krambuer. Utover på 1900-talet blei fiskerinæringa stadig viktigare.

I dag er det eit lite bygningsmiljø bevart i Alvestadkroken frå 1800- og tidleg 1900-tal, med fleire sjøhus og våningshus.

### **Omfang**


Kulturmiljøet i Alvestadkroken omfattar bevarte sjøhus, naust og hus langs sjøen.

### **Regional interesse**

Alvestadkroken har regional interesse som ein representant for utviklinga av ein tettstad knytt til handel, kystkultur og fiske. Kulturmiljøet har hatt stor tyding med den strategiske plasseringa i Boknasundet.

### **Sårbarheit og forvaltning**

Store deler av kulturmiljøet er regulert til bevaring i reguleringsplanen for Alvestadkroken(1997).



Kartutsnitt per 23.09.2022

**Sunnalandsstraumen**

id	320
Namn	Sunnalandsstraumen
Kommune	1145 - Bokn
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, samferdsel og kommunikasjon
Periode	1850-1874
Kjelde	Kulturminneplan for Bokn kommune(2020), Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (2020)(KULA)
Vernestatus	Kulturminneplan

**Skildring**

Sunnalandsstraumen er eit smalt sund som bind Hognalandsbassenget og Boknafjorden saman med Karmsundet i vest. Her ligg ein steinbygd kanal som blei graven ut og bygd i 1876. Kanalen gjorde passeringa mellom Boknafjorden og Karmsundet enklare og tryggare for mindre båtar og fiskefartyg i ei tid då sildefisket hadde vore særleg viktig i området.

Omkring kanalen ligg det i dag ei rekke eldre og nyare naust som i dag er nytta som fritidsbustadar. Langs sundet finn ein også ei rekke førhistoriske kulturminne, der særleg fjæremannstufte langs sundet på begge sider av kanalen vitnar om at fiske, truleg sild, har vore ein viktig ressurs, også i førhistorisk tid.

**Omfang**

Miljøet består i hovudsak av den steinbygde kanalen og dei næraste omgjevnadene. Dei smalaste partia av sundet er tekne med på begge sider av kanalen.


**Regional interesse**

Miljøet har viktige regionale verdiar knyt til ferdsle og transport, og fiskeri som næringsveg. Kanalen var i si tid eit viktig tiltak for å betre tryggleiken for fiskarar i regionen.




Sunnalsstraumen 2019

### Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

### Bildevedlegg 1



Sunnalsstraumen